

Nr. 2-2025, årgang 61

# KYRKJELYDSBLAD

FOR NISSEDAL SOKN

Med meldingsblad for Nissedal kommune



Treungen kyrkje



Nissedal kyrkje



Felle kapell

## SOMMAR 2025



Sundagsskulegruppa på Felle

## «SÒ BLÆDDE DEI SALMUR»

Etter ei maihelg der kjærkomne regnbygger skaper ny grotid og gjev ihuga bærplukkarar ny optimisme, har vi ei lita samtale med Hallvard Nordbø Jørgensen. For ein som i det siste året har verka som sokneprest både i Tokke og Nissedal, er det ikkje fritt for at det har blitt mange turar i bilen, men Hallvard prest synest likevel det har gått greitt:

– Med den fine vegen vi har fått nedover i Nissedal, er det naturlegvis blitt langt meir lettvinnt å leggje bak seg nokre mil bak rattet. Det er vel helst eit privilegium å kunne køyre på gode og trygge vegar gjennom vakre landskap utan altfor stor trafikk.

### – Det synest som om du har funne deg godt til rettes i Nissedal?

– Ja, eg synest at eg i desse månadene har møtt ein hyggeleg og dyktig stab og har fått vere med på interessante rådsmøte. Like eins har eg sett at det er mykje godt arbeid på gang i heile Nissedal sokn. I ei avgrensa stilling har eg naturleg nok ikkje i like stor grad kunna vere med på å byggje felleskap. Eg har måttå nøye meg med å vere med på gudstenester, gravferder og rådsmøte. Men eg vil gjerne få seie at eg har møtt mange hyggelege menneske i gudstenester, i felleskap og samtaler, noko som gjer at eg ser tilbake på tida her med glede.

### – Det er blitt langt merke til at du spelar på fleire strenger, mellom anna med song og gitarspel?

– Song og musikk er viktig for meg, og eg er stadig oppteken av å kunne utvikle meg både i song og i bruk av gitar og piano. Eg set meg ganske ofte ned og finn fram i salme- og songbøker og ser nøyare på notane i Koralboka. Med song og musikk vil eg gjerne gjere mitt til å skape gode miljø som dreg saman, mellom anna slik vi er i ferd med å få det til med det nye bygdekoret i Vrådal. I Tokke syng eg òg i ein del i gravferder og på andre tilstellingar.

### – Så har du funne fram ein salme som du set pris på?

– Fyrst vil eg gjerne få seie at vi har ei rik salmebok, ein skatt som eg synest vi bør bruke mykje av i gudstenestene. Då vil det måtte bli slik at vi òg somme gonger vil møte salmar i gudstenesta som vi ikkje kjenner like godt, men eg trur det likevel kan vere ein verdifull måte å lære nye salmar på, og som vi slik blir glade i.



Denne venda har eg stansa opp ved *Himmelske Fader* av Elias Blix, ein svært rik salme både i tekst og melodi. Salmen får fram heile den kristne læra med fine biletar frå norsk språk og folkeliv, ja, mest som ein del av den norske folkesjela. Melodien av Olav Sande er òg spesiell og fell fint saman med det djupe innhaldet. *Himmelske Fader* er ein salme som eg med glede brukar i gudstenestene, og som eg har som mål at alle konfirmantane i Tokke skal lære og ha med seg vidare i livet, fortel Hallvard til slutt.

Når det no går mot slutten av tida for Hallvard Nordbø Jørgensen som sokneprest i Nissedal sokn, er det mange som vil takke for det han fekk gje, og få ynskje alt godt og signing på vegen vidare.

TV

## *Himmelske Fader, herleg utan like*

nr. 318 i Norsk Salmebok

*Himmelske Fader, herleg utan like!  
Til alle stader når ditt store rike.  
Stjerner du styrer og alt liv som yrer,  
alt ned til mauren i mold!*

*Ramnunar ropar, og du gjev dei mette.  
Hungrende hopar til ditt bord vert sette:  
Alt gjev du føda, signar landsens grøda,  
sender oss solskin og regn.*

*Mannsbarnet ville du i nåde verna,  
miskunn og milde tèr du oss så gjerna,  
fører som fader fram i lange rader  
borni du vann ved din son.*

*Sonen du sende som vår frelsar trugen.  
Alle som vende heilt til honom hugen,  
dei han òg frelsar og som sysken helsar,  
leier dei fram til ditt fang.*

*Fader, du sæle, høgt i himmelstova!  
Med barnemæle me ditt namn vil lova.  
Takk, at du ville med ein faders milde  
taka oss til dine born!*

Tekst: Elias Blix, 1896

Melodi: Olav Sande, 1906



## ANDAKT

I vår tid er mange opptekne av pengar og økonomisk vekst. Dette er i og for seg viktige ting; det handlar om ressursar, om å «skjøtte sitt hus», om å kunne ta vare på familien sin. Men set no at du arbeider hardt og er smart, og du har eit overskot av pengar, ja, du blir «rik». Kva skal du då gjere med pengane? Eg skal sitere ein tankevekkande tekst frå Bibelen, og dele nokre tankar: «*Byd dei som er rike i denne verda, at dei ikkje må vera hovmodige og setja sitt håp til den usikre rikdomen, men til Gud. Han gjev oss rikeleg av alt, så vi kan nyta det. Dei skal gjera godt, vera rike på gode gjerningar, gje med raus hand og villig dela med andre. Slik samlar dei seg ein skatt som blir ein god grunnvoll for tida som kjem, så dei kan gripa det verkelege livet.*»

Eg har lært at det er ein god tommelfingerregel i økonomi at inntekter bør brukast til «ny investering». Altså investere i naudsyt utstyr, i å lære seg nye eigenskapar, i å kjøpe inn varer og så vidare. Så kan ein få vekst i bedrifta. Jo, det er vel og bra. Men Bibelen seier altså at «den urettferdige mammon» også bør «re-investerast» i slikt som gjev «rikdom i Gud», slik som er til glede for Gud og til gagn for menneske.

For meg personleg har musikk vore eitt slikt felt. Eg har valt å bruke mykje tid og pengar på å lære meg å spele og å synge, og eg har kjøpte gode instrument og mange bøker. Eg går vel ikkje «i pluss» økonomisk på dette. Men med tanke på «velsigningar», går eg så visst i pluss. Musikken gjev meg mykje glede og fellesskap med andre, og eg kan bruke han både innanfor og utanfor kyrkja, i både glede og sorg.

Så dette får vere «dagens spørsmål til ettertanke» for leserane som kjänner at dei har økonomisk overskot eller jamvel overflod. Har du noko positivt å investere pengane i, noko som gjev glede og velsigning både for deg sjølv og andre? Det kan vere i kyrkjeleg samanheng, anten for born eller eldre. Eller det kan vere i lag eller foreining eller anna som du brenn for.

*Sokneprest  
Hallvard Nordbø Jørgensen*

## ”SUPERMÅNDAG” I TREUNGEN

Det blir supermåndag på bedehuset i Treungen kl 16.30 - 18.00 desse måndagane:

måndag 1. september

måndag 15. september

måndag 29. september

Det blir servert middag kl 16.30. Etter middag blir det ”søndagsskule” med bibelforteljing, song og leik. Hjarteleg velkomne!

Lurer du på noko kan du ta kontakt med Torill Sønderland tlf 95181606, Anita Haugsjå tlf 94472235, eller Linda Solberg tlf 95205917.

## ME STAKK INNOM TORILL SØNDERLAND – SOM FORTEL OM RIKE ÅR I SUNDAGSSKULEN

Ein føremiddag i mai med angande syrin og frukttre i finaste flor treffer me Torill heime på Sønderland. Ho og husbonden, Olav Arne, har vore tidleg ute og har alt lagt bak seg ei økt med vedarbeid då me slår oss ned på verandaen med kaffi og is. Deling av arbeidsoppgåver har det blitt flust av sidan paret gifte seg i 1975 og bygde hus på heimetunet til Olav Arne.

### Gode oppvekstår i Holt

Det var i Holt Torill trødde barneskorne sine, nærare bestemt på eit bruk som var skilt ut frå Storøygard, garden til besteforeldra på morssida. Her voks ho opp med etternamnet Solli, som storesyster til Aud og med foreldra Jens og Ruth. Her var det nok å gjere med gris, høns, kalkunar, sauер og fleire mål med jordbæråker.

Midt på 60-talet tok far hennar til med pelsdyr, så det var slett ikkje ukjent for henne då ho kom til Sønderland. I ledige stunder lika òg Torill å finne fram

handarbeidet, men ofte bar det av stad i lag med foreldra. Torill og Aud var ikkje store jentene før dei blei med til gudstenester i kyrkja og møte og samkomer på bedehuset. Både besteforeldra og foreldra var av dei som engasjerte seg både i kyrkja og på bedehuset. Morfar Reinhart Viken og mor Ruth var sundagsskulelærarar, og så snart Torill hadde stått til konfirmasjon, var ho med og hjelpte og fekk ansvar og oppgåver.

### Aktiv ungdomstid med utdanning, arbeid, leiarar og møte

Torill fekk allsidige ungdomsår med gymnastid i Tvedestrand, handelsskule, arbeid på aldersheimen i Holt og hjelpepleiarutdanning. Samtidig var Torill og Aud stadig aktivt med i sundagsskulen. Ansvar og oppgåver kom naturleg steg for steg. På leiarar på Eikely i Froland blei dei utfordra til å halde andaktar, og snart drog dei òg ut på møte der dei song og spelte gitar.

–Ja, det at me stadig var ute og song og spelte, var nok med på å gje meg lyst til og tru på at eg kunne bli brukta som fritidsforkynnar i Arendal Indremisjonskrets, noko eg ser tilbake på med glede, kjem det smilande frå Torill.



Gudstenesta på palmesundag

## Travle dagar i hus og heim og yrkesliv

Torill har heller ikkje vanskeleg for å finne gode ord om den fyrste tida på Sønderland. Ho kjende seg varmt velkommen både av svigerforeldra, av folk i gronda og elles i bygda. Ho kjem vel i hug korleis smågutane deira, Svein Harald og Jens Olav, fekk boltre seg på heimetunet før dei samla seg ved middagsbordet, ofte i lag med beste-foreldra. –Då eg kom oppover her før eg var gift, var svigerfar raskt ute og fekk hyra meg inn på sundagsskulen på Treungen bedehus. Sveinung var òg fritidspredikant i ein del år, og då var eg sjåfør og hadde med gitaren. Det var ei gild tid, slår Torill fast, før ho kjem inn på åra med yrkesliv utanfor heimen.

Det blei heile 28 år i Sparebanken sør, seks av dei i sjefsstolen og med plass til vidare-utdanning. Deretter gjekk ho over til stillinga som kyrkjeverje. – Frå desse åra har eg gode minne om ein svært triveleg arbeidsplass med utfordringar og gode kollegaer, kjem Torill i hug.

## Sundagsskulen har vore hjartebarnet

– I åra med arbeidet på heimebane og i yrkeslivet har du stadig halde fram i sundagsskulen?

– Ja, eg må vel kunne seie at sundagsskulen har vore hjartebarnet mitt heilt ifrå unge år.

Mottoet til sundagsskulen er «Jesus til borna». I sundagsskulen vil me gjerne gje den kristne bodskapen og den kristne arven – som har prega landet vårt i 1000 år – vidare til nye generasjoner. Og samtidig som me trur at dette er ei verdifull nistekorg for borna å ha med seg på vegen i livet, får me som er med i sundagsskulearbeidet, så mykje tilbake når me er saman med dei unge. Det er ei stor glede å kunne få til eit godt samspel med borna, lære dei å kjenne og fylge med på litt av utviklinga, fortel Torill medan ho nippar til kaffikoppen.

Og medan ho sender eit raskt blikk bort til Olav Arne, fer tankane attende til fyrste tida i den nye heimbygda: – Ja, som nemnt kom eg noksa fort med i sundagsskulen på Treungen bedehus. I den samanhengen vil eg gjerne få nemne at eg har hatt fleire gode medarbeidarar som har vore med i kortare eller lengre periodar. Frå seinare år vil eg nemne Liv Lia, Anita Haugstad Haugsjå og Linda Solberg.

– Kva kan du fortelje om opplegget på sundagsskulen?

– Me fylgjer opplegget til Søndagsskolen Norge. Me som har vore med i dette arbeidet nokre år, ser at det stadig blir utvikla godt materiell, ikkje minst har sundagsskulebladet fått eit fint



Frå adventsgudstenesta

og fargerikt format. Likevel er det noko med den gamle flanellografen som skaper spenning når figurar og bitar fell på plass etter kvart som me fortel. Ein del av opplegget er å få med dei mest sentrale forteljingane både i Det gamle og Det nye testamentet. Om me ikkje fylgjer gangen i kyrkjeåret fullt ut, blir det sett av god plass til advent, jol og påske.

– Sundagsskulen er vel òg med på nye opplegg i samarbeid med kyrkja?

– Ja, me er med på opplegg som *Lys vaken* og *Tårnagenthelg*, og så deltek me i familiegudstester. Det er inspirerande både for små og store å kunne syne fram litt av det me held på med og å kunne gje det vidare til andre.

## Stort frammøte på sundagsskulen på Felle

I ein del år har Torill hatt ansvar for sundagsskulen på Felle, der ho stadig får gode møte både med ungane og foreldra. Som så mange andre stader i landet vårt har det synt seg at sundagen ikkje lenger er den beste vekedagen for å få samle flest mogleg. På Felle har dei sundagsskule ein måndag i månaden, og om samlingane er på måndagar, synest foreldra at det framleis skal heite sundagsskule.

– Det har heile tida vore svært godt frammøte i Felle kapell. Ja, foreldra møter òg så langt dei kan, i alle fall minst ein av dei.

Nokon av foreldra hjelper til med praktiske ting, til dømes har Linda Felle i mange år informert barnefamiliane om sundagsskulen på Facebook, nå har stafettpinnen gått vidare til Victoria Meberg Olsen.

Det er fint for både store og små at me deltek på advents- og jolegudstester og familiegudstester elles. Visst er det oppmuntrande å sjå at det spirer og gror i fleire grender i kommunen vår, og at sundagsskulen kan fylle plassen sin med «Jesus til borna» inn i nye tider, fortel Torill til slutt.

Her i *Kyrkjelydsbladet* vil me takke Torill for det dugande arbeidet. Det er ikkje reint få års-klasser ho har fortalt for og sunge med, om *båten som er så liten og havet så stort*, og om han som *har gripe handa og held stø kurs*.

TV



# MØTE PÅ HAUGSJÅSUND GRENDEHUS HAUSTEN 2025

Onsdag 24. sept. kl. 19.00: Møte med tale av Martha Irene Eriksrød fra Normisjon. Kollekt og enkel servering.

Onsdag 22. okt. kl. 19.00: Møte med tale av Ole Bjørn Bjørnsen. Kollekt og enkel servering.

Onsdag 26. nov. kl. 19.00: Kveldsbøn

Sundag 7. des. kl.17.00: Adventsstund for store og små. Adventstankar ved Torill Sønderland. Geir Enger og Marie Kornmo Enger hjelper oss med å friske opp advents- og jolesongar. Kollekt og servering.

Alle velkomne!

## KATOLSKE MESSER I TREUNGEN KYRKJE KL. 15.00

Søndag 31. august

Søndag 28. september

Søndag 26. oktober

Søndag 30. november

1.juledag 25. desember

Alle er velkomne!



## FJONE BEDEHUS

Damenes og barnearbeidet tek sommarferie, men er tilbake til hausten. Følg med på FB-sida.

## KYRKJEBYGDA BEDEHUS

Samling om bibellesing og ein matbit kl 11 ein torsdag i månaden.

Følg med på kyrkja si heimeside. Fyrste samling etter sommaren er torsdag 4. september.

**Øvre Telemark Begravelsesbyrå  
Øvre Telemark Begravelsesbyrå AS**  
avd. Seljord, Rauland og Gransherad

**Alt innan gravferd**  
- Oppsetting, oppussing og påskrift av gravminne  
- Heilårs gravstell

**Alt innan minnesamvær**  
- Levering av blomar i samarbeid med  
**Blomsterstemming** 3800 Bø i Telemark,  
**Vinje Fjellflora** 3864 Rauland og  
**Fru Tveit** 3855 Treungen

**Ta kontakt for pristilbod**  **Døgnvakt** 

[telemarkbegravelse.no](http://telemarkbegravelse.no)

tlf. 466 90 000 | [post@telemarkbegravelse.no](mailto:post@telemarkbegravelse.no)  
**Seljord:** Mosasida 215, 3840 Seljord  
**Rauland:** Brendeberg 4, 3864 Rauland  
**Gransherad:** Torrudmoen 47, 3691 Gransherad

Trygt, omsorgsfullt og verdig

## NORMISJON – TREUNGEN BEDEHUS

### August

Torsdag 07. kl.19.00 Bøn og samtale

Torsdag 14. kl.19.00 Dugnad/fellesskap.

Torsdag 21. kl.19.00 Møte, Terje Olafsen.

Torsdag 28. kl.19.00 Møte, Kristian Espeland.

### September

Torsdag 04. kl.19.00 Bøn og samtale.

Torsdag 11. kl.19.00 Bibeltime v/Arvid Hunemo.

Torsdag 18. kl.19.00 Medlemsmøte.

Onsdag 24. kl.19.00 Møte i Haugsjåsund, Martha Irene Eriksrød.

### Oktober

Torsdag 02. kl.19.00 Bibeltime v/Arvid Hunemo.

Torsdag 09. kl.19.00 Songar frå Vest-Telemark, -v/Herdis og Øyvind Jørgensen.

Torsdag 16. kl.19.00 Dugnad/fellesskap.

Fredag 17. kl.18.00 Basar.

Onsdag 22. kl.19.00 Møte i Haugsjåsund, Ole Bjørn Bjørnsen.

Torsdag 30. kl.19.00 Bibeltime v/Arvid Hunemo.

### November

Torsdag 06. kl.19.00 Sang/radiokveld Radio MG -Johan og Gunilla Sigvardsson.

Torsdag 13. kl.19.00 Dugnad/fellesskap.

Torsdag 20. kl.19.00 Bøn og samtale.

Onsdag 26. kl.19.00 Kveldsbøn i Haugsjåsund.

Torsdag 27. kl.19.00 Møte, Ulf Børje Rahm.

### Desember

Torsdag 04. kl.19.00 Dugnad/fellesskap.

Sundag 07. kl.17.00 Adventsamling i Haugsjåsund.

Torsdag 11. kl.19.00 Jolevandring i ord og tonar, v/ Gunnar og Ellen Ajer.

Torsdag 18. kl.19.00 Bøn og samtale.

**Velkommen i Bedehuset.**



**Hellerdals**  
- begravelsesbyrå -

Vi er her for deg ♥

Døgnåpen vakttelefon hele året - 37 15 53 05

[www.hellerdals.no](http://www.hellerdals.no)

**Vest-Telemark GRAVFERDSBYRÅ**

**Tidlegare Tokke begravelsesbyrå og Seljord gravferdsbyrå**

**DØGNVAKT 928 13 634**

**Gravferdstenester. Gravstein. Omsliping, påskrift, vask og oppussing av eldre gravstein.**

[www.vtgravferd.no](http://www.vtgravferd.no)

**Kragerø & Drangedal Begravelsesbyrå**  
- etablert 1960 -

**Verdighet ved livets slutt**

**www.bkd.no**

Vakttelefon hele døgnet, 7 dager i uken: 35 98 21 94

## GUDSTENESTELISTE MED OFFER VÅREN 2025

### Juni

08.	11.00	Nissedal kyrkje	1. pinsedag	Misjonsprosjektet
15.	11.00	Fjone bedehus	Familiegudsteneste	Trusopplæringa
22.	11.00	Treungen kyrkje	Familiegudsteneste	Trusopplæringa

### Juli

06.	11.00	Treungen		Misjonsprosjektet
20.	19.00	Nissedal		Misjonsprosjektet
27.	12.00	Treungen/Tveit?	Olsokmesse.Skaparverket	Misjonsprosjektet

### August

17.	11.00	Treungen	Innsetting av ny prest	Kyrkjelydsarbeidet
24.	11.00	Nissedal	Sundagsskulens dag	Sundagskulen T.
31.	11.00	Treungen		Kyrkjelydsarbeidet

### September

06.	11.00	Treungen	Konfirmasjon	Trusopplæringa
06.	13.00	Nissedal	Konfirmasjon	Trusopplæringa
06.	15.00	Felle	Konfirmasjon	Trusopplæringa
21.	11.00	Fjone	Familiegudstenste.	Trusopplæringa
25.	17.00	Nissedal	Konfirmantane deltek	Trusopplæringa
			Familiegudstenste.	
			Haustakkefest. 4 års bok	
28.	11.00	Treungen	Familiegudsteneste.	Trusopplæringa
			Haustakkefest. 4 års bok	

### Oktober

05.	11.00	Treungen	Gullkonfirmantar	Kyrkjelydsarbeidet
19.	11.00	Nissedal	Konfirmantpresentasjon	Misjonsprosjektet
26.	11.00	Treungen	Familiegudstenste.	Trusopplæringa

Treng du skyss til gudsteneste, kan du ringe Liv Lia, tlf.: 414 470 19 (Treungen) eller Astrid Eidem Nordal, tlf.: 936 594 21 (Nissedal)



## TREUNGEN FRIKYRKJE JUNI- OKTOBER 2025

Endringar kan skje. Følg med på heimesida:  
[www.treungenfrikyrkje.no](http://www.treungenfrikyrkje.no)

**23.juni kl.18.00:**  
Sankthansfeiring på Sommarsletta

### JULI:

02.	11.30	Andakt på Mimrestova (NOS)
13.	11.00	Utegudsteneste på Odden på Nes
16.	11.30	Andakt på Mimrestova
27.	12.00	Olsokmesse, Skaparverket
30.	11.30	Andakt på Mimrestova

### AUGUST

06.	11.30	Andakt på Mimrestova
10.	11.00	Gudsteneste m/nattverd
20.	11.30	Andakt på Mimrestova
20.	18.00	Dugnad og fellesskap
24.	11.00	Sundagsskulens dag – Nissedal
30.	12.00	Konfirmasjonsgudsteneste

### SEPTEMBER

02.	18.00	Kvinneforening
03.	16.00	Fam.grilling på Haugsjå
07.	19.00	Husgrupper
10.	11.30	Andakt på Mimrestova
10.	17.30	Friklubb
14.	11.00	Gudsteneste med nattverd
16.	18.00	Kvinneforening
20-21.	9.kl -tur til Fjone med 9.kl	
21.	11.00	Felles gudsteneste på Fjone
24.	11.30	Andakt på Mimrestova
24.	17.30	Friklubb
24.	19.15	Dugnad og fellesskap
27.	SLUSH-kurs 6.kl-8.kl (med forbehold)	
28.	19.00	Husgrupper
30.	18.00	125 års jubileum Kvinneforeninga

### OKTOBER

05.	11.00	Gullkonfirmantar, DNK
08.	11.30	Andakt på Mimrestova
12.	11.00	Sundagsskule for alle. Nattverd
14.	18.00	Kvinneforening
18.-19.	BGF Kragerø	
19.	19.00	Gudsteneste. Konfirmantpres.
22.	11.30	Andakt på Mimrestova
22.	17.30	Friklubben og Lollipop
22.	19.15	Dugnad og fellesskap
26.	19.00	Husgrupper
28.	18.00	Kvinneforening

Ynskjer du å starte i ei av husgruppene  
våre så ta kontakt med: Lena Haugsjå:  
**90685202**

**Vil du bli fast givar?**

**Ta kontakt med kasserar tlf: 48046377**

**Gåvekonto: 2714 10 06628**

**VIPPS 27037**

### Vi feirer at kvinneforeninga er 125 år!

Vi ønsker velkommen til jubileumsfeiring tysdag 30.september kl. 18.00

Det blir litt historikk og mykje flott musikk. Wenche Braatlund Larsen, Olav Svalastog og koret: "Nesten Nydelig" deltek. Rut Stokstad Nielsen, har bibelforteljing. Det blir også servert god mat. Velkommen!

### Barnegospelfestival 18.-19.okt.


Vi inviterer til festival i Kragerø for born fra 1.kl-7.kl. Det blir song, aktivitet og masse moro. Born i 1.kl må ha med seg ein voksen. Pris: 850,- pr born (medlemspris) og 400,- for vaksne.

Ta gjerne kontakt for info om støtteordninga. Ungdom fra 8.kl og eldre kan vere med i Dream team som ung leder: 250,-

Påmelding innan 10.okt:  
[www.bgf.no/paamelding](http://www.bgf.no/paamelding)




For meir info om kva som skjer i Frikyrkja. Sjekk ut [www.treungenfrikyrkje.no](http://www.treungenfrikyrkje.no) eller ta kontakt med Rut S Nielsen tlf: 93468174



# MELDINGSBLAD

## NISSEDAL KOMMUNE



Nr. 2

2025

### Næringsvenleg kommune

Som eit ledd i kommunen sitt omstillingssarbeid, stiller Telemark fylkeskommune krav om at Nissedal kommune gjennomfører eit delprogram - *næringsvenleg kommune*. Eit krav kommunen er glad for og ser fram mot å gjennomføre.

Delprogrammet har som føremål å gjere kommunen meir proaktiv og handlekraftig ovanfor næringslivet, men også motsett – gjere næringslivet førebudd på kommunen si rolle og handlingsrom. Målsettinga er at kommunen som organisasjon og næringslivet skal operere betre saman, gjennom god kommunikasjon og eit felles narrativ om moglegheitsbiletet i form av tid og rom – moglegheiter og avgrensingar.

Det er kommunedirektøren som eig og har regi på arbeidet, og gjennom ein anbodsprosess har konsulentelskapet Tinkr fått i oppdrag å levere produktet *næringsvenleg kommune*. Det er sett av midlar frå omstillingssprogrammet til denne prosessen.

Gjennomføringa vil ta utgangspunkt i eksisterande kunnskapsgrunnlag frå handlingsprogrammet til omstillingssprogrammet. *Det eksisterande kunnskapsgrunnlaget blir supplert med ei kvalitativ analyse gjennom personintervju av sentrale aktørar i næringslivet og frå kommuneadministrasjonen.* Produktet gjennom desse to kunnskapsgrunnlaga vil resultere i ein konkret handlingsplan, som kommunedirektøren innarbeider i sin organisasjon og næringssjefen presenterer for næringslivet.

*Olav Kiland  
Næringssjef, Nissedal kommune*

### TRIVSELSBUA



Mange lurer kanskje litt på hva Trivselsbua er? Som mye vi driver med på Frivilligsentralen, blir veien til mens vi går, og behovet hos innbyggerne våre som forandrer seg med tida. Tanken bak dette var å skape gode møteplasser/aktivitetsplasser for mennesker med demens og deres pårørende. Gjelder også for beboere i omsorgsleiligheter, hjemmeboende eldre og beboere ved NOS. Vi har et godt samarbeid med dagtilbuet for personer med demens og ansatte inne på heimen.



Vi er en liten kommune, så her er man velkommen uavhengig av diagnose, den gode atmosfæren skaper vi sammen uansett hvem og hva vi er- det er ikke det som definerer oss- alle er vi like og har behov for et varmt felleskap.

Et aktivitetsrom manglet ved omsorgssentret, men nå har vi det. Vi ønsker oss frivillige som kan drive med sine hobbyer, så stiller vi med utstyret. Ikke alle av de som kommer kan gjøre så mye, men å få lov å ta del i det andre interesserer seg for kan skape gode stunder og en hverdag og glede seg til. Vi ønsker å la karer som har drevet med ved, ha mulighet til å «lø» litt ved, vi ønsker å kunne drive med litt enkelt trearbete, håndarbete, hagearbete osv. Har du en god ide som kan bidra til å øke hverdagsgleden for nevnte målgruppe, ta gjerne kontakt. En eller to ganger i måneden hadde vært topp, og følelsen av å ha gjort dagen bedre for noen, slår det meste. **Det er god folkehelse.**

Å være frivillige innenfor sentralen skal aldri gjøre at man føler seg bundet opp eller forsaker noe, vi er alltid mange på plass samtidig. Er det fraværet fra en eller to, tipper ikke lasset.

*Beste helsing Renate*

### LJOSGLOBE TIL FELLE KAPELL

Soknerådet ynskjer å gå til innkjøp av ein ljøsglobe til Felle kapell. Denne er laga i smijern, har 24 plassar til små ljøs og seljast av Kirketorget AS. Dei fleste kyrkjer i Noreg har ein slik ljøsglobe. Han kan brukast til familiegudstenester, gravferder, dåpsgudstenester og mykje anna. Å tenne eit ljøs kan vere eit uttrykk for bøn og von, eller for å minnast nokon. Prisen for ein slik globe er ca. 18000 kroner. Dette vil kunne finansierast dels av soknerådet sine midlar, dels av Anne Åsen sitt fond. Men det er også høve for kyrkjelyden til å gje ei gåve. Dette kan gjevast til soknerådet sin konto 2714 10 15589, merk "Ljøsglobe Felle". Takk for alle gåver!

*Hallvard Nordbø Jørgensen*

## FRÅ KYRKJEKONTORET

### Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt

Etter at me i mange år har støtta diakoniprosjektet til Norsahel i Mali, har me nå valt Misjon Uten Grenser som vår nye samarbeidspartner.

Det er vanleg å bytte prosjekt etter ei tid, og det som me i dei fire neste åra samlar inn til "misjonsprosjektet", skal gå til MUG sitt arbeid i Romania.

her kan de lese korleis MUG presenterer seg sjølv:

#### Mision Uten Grenser

##### Nestekjærighet forandrer liv

Mision Uten Grenser er en del av den internasjonale organisasjonen Mission Without Borders som ble grunnlagt i 1960. Vårt oppdrag er å gi langsigkt hjelp til mennesker i Øst-Europa som er i nød. Vi arbeider for å styrke og utruste mennesker, slik at de blir i stand til å forsørge seg selv. Arbeidet skjer i hovedsak gjennom to fadderprogram; ett for familier og ett for barn.



I Øst-Europa møter mennesker store utfordringer på grunn av brutte relasjoner. Arven etter kommunismen, urettferdighet og korruption har ødelagt både livsmuligheter og sosiale nettverk. Mange opplever fattigdom, utenforsk og sosial nød – og i kjernen av dette ligger ofte ødelagte relasjoner.

Våre lokalt ansatte medarbeidere i Øst-Europa jobber iherdig og helhjertet med å hjelpe mennesker ut av fattigdom og inn i gode relasjoner med Gud og andre mennesker. I samarbeid med lokale menigheter når vi langt ut og inviterer inn til et felleskap i kirkene.

Dit kommer barna for å få mat, lekse-hjelp og delta på aktiviteter etter skoletid. Foreldrene får en kontaktperson som hjelper med både praktiske og åndelige utfordringer.

Vi er en tverrkirkelig organisasjon som er tilsluttet NORME. I tillegg til arbeidet vårt i Albania, Bosnia-Hercegovina, Bulgaria, Moldova, Romania og Ukraina ligger det oss nært på hjerte å informere om behovene i Øst-Europa og inspirere til engasjement for misjon og fellesskap med Gud i Norge.



Sommarleir.

### DUGNADAR VÅREN 2025

Vi takkar for alle som var med på dugnadane ved dei ulike kyrkjegardane. Alltid godt å få hjelp med våronna.



### SOKNERÅDETS HJØRNE

Soknerådet ser nå fram til at den nye presten, Rasmus Rustad, skal starte i jobben her hos oss. Han startar i stillinga 1. august og har med seg kona Karen Helene Bøhn Melhus og to døtrer, Lilly på 4 år og Agnes Marie fødd i påska. Vi skal ta godt imot dei og håpar dei vil trivast godt i alle grendene i Nissedal, og i prestegarden i Kyrkjebymda.

Innsettingsgudstenesten for vår nye prest vert 17. august kl. 11.00 i Treungen kyrkje

Hans-Christian Stana Borstad avsluttar sitt vikariat som kyrkjeverje hos oss 31. juli, men heldigvis har han takka ja til å arbeide i ein 20 % stilling som trusopplærar hos oss med oppstart 1. august. Vi treng enda fleire til å bli med på fast gjevarteneste for å dekke inn m.a. lønn til denne stillinga. Håpar du kan vere med i den viktige tenesta.

Vi har ei frivillig teneste som vi håpar nokon kan hjelpe oss med i sommar. Det er vatning på kyrkjegardane våre. Dersom du har anledning til å hjelpe til med dette ei veke eller nokre dagar i sommar, kan du ta kontakt med kyrkjekontoret. Tusen takk!

*Soknerådsleiar  
Gerd Irene Sønderland*

## GRAVMINNE (STØTTER)

Det er nå mange støtter som treng å rettast opp på dei ulike kyrkjegardane. Eit gravminne er det kvar enkelt som har ansvar for at står rett, men det er fullt mogleg å låne utstyr av kyrkjetenarane.

Er det nokon som treng hjelp til dette eksternt kan ein ta kontakt med Leif Lauvdal, han tek på seg slike oppdrag.



**Nissedal Vokalfestival** blir i år arrangert 15.-17.august på Gamleskulen i Nordbygda i Nissedal.

Les meir om festivalen på [info@nissedalvokalfestival.com](mailto:info@nissedalvokalfestival.com)



**Utflyttarar som ynskjer bladet i posten, kan kontakte kyrkjekontoret, og me sender.**

**Ynskjer de å gje ei gave til bladet, kan de bruke kontonummer 2714.10.15589**



## BLI KJENT MED SALMEBOKA

### Sommarsalme

Det går mot sommar og ein salme eg er blitt meir og meir glad i er den gamle salmen «I denne fagre sumarstid»

T: P.Gerhardt, 1653 – O:B. Støylen, 1923 – M: N. Söderblom, 1916  
Norsk Salmebok 840

*I denne fagre sumarstid  
gå ut, min sjel, og gled deg i  
vår Herres store under!  
Sjå hagen prydd med blomeseng,  
sjå garden med si grøne eng,  
og skog med li og lundar.*

*Høyr, lerka tirlar høgt i sky,  
og starene bygger reir på ny,  
med gauken gjel i lundar.  
Småfuglar syng i skogen sval,  
og songen fyller fjell og dal  
i stille morgenstunder*

*Sjå kvar ei grein av lauv er full,  
og moldi pryder seg i gull  
og fargar utan like!  
Sjå liljer, roser, blad og blom  
ber større bragd og herlegdom  
enn Salomo den rike.*

I Norge kom denne salmen først i Nynorsk salmebok (Nn). Oversettiga til Bernt Støylen kom i hans Songbok. I Nn stod ho under «Treeiningssundag». I Norsk Salmebok (NoS) står ho under «Årstidene».

Denne salmen har eit klart todelt preg. Dei fire første strofene er ei lovprising av skaparverket slik det artar seg i sommarhalvåret med blomar som blømer, fuglar som kvitrap og åkeren som veks og gjev gåver til kvar ein mann. I kvar av dei fyrtre fire strofene, blir det fortalt om skaparverkets under og at me skal gå ut i naturen og glede oss over alt den har å tilby. Undret i naturen kjem til syne både i form av pryden i hagen, nytta på garden og den ubearbeidde natur, altså skogen.

Dei to siste strofene er blikket vent framover mot det evige gudsriket. Her blir det uttrykt ein lengsel over å få stå ved Guds trone med palmegreiner for å hylle han og glede over at me ein gong skal få sjå hans herlegdom.

Melodien er komponert av Nathan Söderblom til J.von Dübsens svenske omsetting av salmen «I denna ljuva sommartid». Han blei kjend gjennom melodiboka til teksten «O Jesus du som allting vet». Tonearten er Ess-dur og den har ein AB form, der linje 4 gjentas som linje 5 i B-delen.

På grunn av plassmangel, har eg bare tatt med dei tre første strofene. Heile salmen står i Norsk salmebok på nr 840

## EI TALE FOR DEN SOM SER

### Ankerfeste


Mariakirken i Bergen er byens eldste intakte bygning. Ho er om lag 850 år gammal. Ikkje langt unna kyrkja står eit morelltre i full blom. Treet er ikkje så gammalt, og blomane er nye av året.

Dette synet fekk meg til å tenkje på at tida går, og nytt liv kjem til, men så er det også noko som står fast, mest som eit ankerfeste. Kyrkja hadde stått der i nesten 100 år då kong Magnus, som me feira i fjar, laga Landslova i 1274. Denne lova fekk stor innverknad på kva som skulle vere rettena for styre og stell i Noreg den gongen og i lang tid framover. Her var det reglar som ga tryggleik og gode rettar og plikter for heile folket.

Eg er glad i fridom og å kunne følgje ulike innfall som eg måtte få, men totalt fri ynskjer eg ikkje å vere. Eg trur ikkje det er godt for eit menneske å lausrive seg fullstendig frå alt og alle. Ein treng gode lovar som regulerer samfunnet, og ein treng fellesskap med andre menneske. Det er godt å ha vene og nokon ein kan stole på. Men eg treng også å vite at det er nokon som er større enn oss menneske. Nokon som eg kan feste ankeret mitt til, og som står fast år etter år, trass i skiftande trendar og skifte mellom rolege og urolege tider.

Det er ikkje bare bygningen Mariakirken som har stått stødig i alle desse åra. Det har også han som alle kyrkjegjengarane opp gjennom tida har søkt når dei har gått til kyrkje. I Bibelen står det slik om dei som har søkt redning hjå Gud: Denne vona er eit trygt og fast anker for sjela.

*Vil Gud ikkje vera bygningsmann,  
me fåfengt på huset byggja.  
Vil Gud ikkje verja by og land,  
kan vaktmann oss ikkje tryggja.  
Så vakta oss Gud så me kan bu  
i heimen med fred og hyggja.  
Elias Blix*



GB.R-M.

**Opningstider  
på kyrkjekontoret:**  
Tysdag-torsdag 10–14.  
Elles treffetid etter avtale.  
Kontoret kan vere ubemannat  
pga. oppdrag ute.  
Tlf: 350 48 443/350 48 449  
e-post: kynis@nissedal.  
kommune.no

**Sokneprest:**  
Rasmus Rustad (frå 1. august)  
Mobil: 97 73 81 34

**Kyrkjeverje:**  
Bente Meyer  
Mobil: 99 54 45 43  
E-post: bente.meyer@nissedal.kommune.no

**Kantor:**  
Maria Skjæveland  
Mobil.: 94 06 02 69  
E-post: amazingracelfc9@gmail.com

**Menighetspedagog (trus-  
opplærar):**  
Hans-Christian Stana Borstad  
Mobil: 91 89 15 28

**Kyrkjetenarar:**  
Anne Marie H. Larsson

Leif Lauvdal

**Leiar i soknerådet:**  
Gerd Irene Sønderland

**Nestleiar i soknerådet:**  
Astrid Eidem Nordal

**Prostdiakon Eilev Erikstein**  
Tlf.: 35 07 71 88/91 11 35 80

**KIRKEN SOS**  
TLF: 22 40 00 40

## FRÅ KYRKJEBOKA

### Nissedal kyrkje

#### Dåp:

26.04. Margit Veum. Foreldre: Felicia Alvilde Batt-Rawden og Lars Gunnar Brath Veum

### Treungen kyrkje

#### Gravferd:

02.04. Håvard Enok Tveit, d.20.03.2025, f. 10.01.1935  
09.05. Astrid Birkrem d. 30.04.2025, f. 09.04.1935  
21.05. Ragnar Normann Nilsen, d. 11.05.2025, f. 17.05.1932  
(bisetting)  
23.05. Gunnulf Heimdal, d. 11.05.2025, f. 20.09.1928

### Felle kapell

#### Dåp:

31.05. Sara Rud Felle. Foreldre: Ida Rud og Bård Andre Felle Mathisen

#### Vigsel:

31.05. Gunhild Elisabeth Resen-Fellie og Petter Pallesen

### KYKJELYDSBLAD

Bladet vert levert gratis i postkassa til alle heimar i Nissedal sokn. Kyrkjelydsbladet finn de også på heimesida vår nissedal.kyrkje.no

Utflyttarar som ynskjer bladet i posten, kan kontakte kyrkjekontoret, og me sender.

Ynskjer de å gje ei gave til bladet, kan de bruke kontonummer 2714.10.15589

Trykt hos Synkron Media, Birkeland

Gåve kan også gjevast ved VIPPS

123534	Sundagens offer
123537	Kyrkjelydsarbeidet
123538	Misjonsprosjektet; Misjon utan grenser
123539	Kyrkjelydsbladet

# ÅRETS KONFIRMANTAR



*Ingmar Kårevik, Gustav Fjalestad Grundt, Anton Schalla Haugsjå, Asgeir Freyr van der Gugten  
Beyer-Clausen, Hege Marit Skåli Vimme, Leon Vee Tveit, Ingrid Amalie Øigarden, Niklaz Georg  
Andreassen, Eva Madelen Aarak-Saga, Bendik Gautefald, Jannicke Felle Berntsen, Mathea Holskar,  
Andre Martins, Mona Tveit, Håkon Aarak Underdal, prest Marte M. Dybdal, pastor Rut Stokstad  
Nielsen, Alan Mendaros Ufs, Victoria Lohne Thronsen (Hannah Falck Urdalen var ikkje tilstades)*